

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

09.11.16

Søknad om dispensasjon for mellombels lagring av stein og jordmasser på GBNR 23/4, Frekhaug

Meland kommune held på med å separere kloakk og overvatn i Grønlandsområdet på Frekhaug. Prosjektet har ført til overskot av stein og jord som det er ønskjeleg å lagre nærområdet. Fordelen med å lagre massene nær anlegget er at kommunen minimerer trafikk- og miljøbelastningar. I tillegg er det god økonomi for kommunen og innbyggjarane som gjennom kommunale avgifter må betale for anlegget.

Kommunen ønskjer å lagre massane på GBNR 23/4. Aktuelt område er vist på vedlagt situasjonplan. Massane som vert lagra vil bli nytta til å jamne ut terrenget. Det er ikkje aktuelt å heve terrenget permanent, men før terrenget vert jamna ut vil massane måtte ligge i nokre mindre haugar.

Mellombels dispensasjon

For å få lagra massane søkjer Meland kommune om mellombels dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona etter plan- og bygningslova § 1-8. I tillegg vert det søkt om mellombels dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Frekhaug Aust, for tiltak i regulert friområde. Reguleringsplanen har i dag avsatt område for parkering, og delar av lagringa vil ligge på dette området, medan resterende vil ligge i friområde. Dersom permanent løysing med parkeringsplass, sjå nedanfor, ikkje blir aktuelt, vil kommunen fjerne massane og tilbakeføre terrenget innan 1 år.

Mogleg framtidig parkeringsplass

På det same området på GBNR 23/4 er det ønskjeleg å etterkvart byggje ein parkeringsplass. Parkeringsplassen skal både dekke pendlande frå hurtigbåten og reisande til friluftsområde i nærleiken, t.d. Badevika. Finansiering av parkeringsplassen skal opp til politisk behandling i desember saman med budsjett for 2017. Parkeringsplassen må også søkjast om etter plan- og bygningslova.

Dei omsøkte massane vil kunne nyttast som fundament for ein eventuell parkeringsplass, og dermed gje positive effekter for miljø, trafikk og økonomi i dette prosjektet også. Arealet er i reguleringsplanen delvis avsett til parkering, men kommunen ser òg trong for å nytte om lag 1 daa av areal som ligg som friområde i planen. Dette for å få hensiktsmessig antall plassar som stettar behova i dag. Som nemnd skal parkeringsplassane delvis tene som tilkomst til badevik/friområde.

Kommunen vurderar at søknaden om mellombels dispensasjon oppfyller vilkåra i pbl § 19-2.

Stad og dato: *Frekhaug, 9.11.2016*



Ordfører



MELAND KOMMUNE
Ordfører